



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

SIM nytt

2/2006

Desember 2006 Årgang 13



Rett frå dunken

Ruteendringar i jula

I kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord vert det ruteendringar i samband med jula. Sjå tømmekalenderen for 2006, eller www.sim.as. Merk at enkelte ruter vert køyrd før vanleg tømmedag.

Tømmekalender 2007

Tømmekalenderen for 2007 kjem i posten i løpet av ei veke. Ta vare på den. Kontakt SIM, tlf. 53 45 78 50, dersom du ikkje har fått kalenderen før årsskiftet.

Dunken skal heim

Mange irriterer seg over bosdunkar som vert ståande i dagevis på tømmepllassen. Spar dei som bur i nærleiken av tømmeplassen for dette ved å dra dunken heim. Det er kvar abonnent sitt ansvar å få dunken sin heim etter tömming.



– To og to, same slag og tett i lag. Slik skal dunkane stå, seier sjåfør Sigmund Berntzen.

– Takk for hjelpa med dunken

Sjåfør Sigmund Berntzen er glad for at så mange er flinke til å plassera bosdunken rett på tømmepllassen.

- Hadde ikkje folk vore så hjelpsame, hadde me aldri klart å halda rutene, seier han.

Eitt år etter innføringa av einmannsbilsar, køyrrer nemleg Berntzen og dei andre sjåførane renovasjonsrutene med same tidsforbruk som før, men utan sidemann. Dermed er drifta vorten meir rasjonell, og arbeidsmiljøet betre, i og med den gode hjelpa frå abonnentane.

Einmannsbilane køyrrer i Stord, Fitjar, Bømlo, Sveio og Tysnes, men førebels ikkje i Kvinnherad og Austevoll.

Slik skal dunken stå:

- På høgre side av vegen i høve til bobilens si køyreretning
- Lok-opninga fram mot vegen
- To og to like dunkar tett i lag
- Minst 30 cm avstand til neste dunkpar



Ikkje overfull dunken

Ikkje fyll meir oppi bosdunken enn at loket kan lukkast, eller at «muleband» kan knytast. Avfallet må ikkje pakkast fastare enn at dunken lett kan tømmast (jmfr. føresegnene). Sjåførane køyrrer ikkje tilbake for å tømma halvfulle dunkar.

Unngå at bio'en frys

Dersom bioavfall får fysa fast i botnen på dunken, kan det vera vanskeleg å tømma den. Ei løysing kan vera å leggja strø eller eggekartong nedst i dunken.

Gråsekk for ekstraavfall

Av og til blir det ikkje nok plass i restavfallsdunksen. Då kan ein «gråsekk» vera løysinga. Ekstrasekken får du kjøpt på kommunehuset eller miljøsentralen for kr. 40,- per stk.

Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallsdunksen og ikkje i dunken for papir. Årsaka er at gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan gjenvinnast til nytt papir.

Renovasjonsgebyret aukar

Etter at SIM sette ned prisane til kommunane med 5% i fjor, vert det for 2007 ein auke på 2,5%. Kor stort renovasjonsgebyr du skal betala, er det kommunestyret som avgjer. Det skjer i desse dagar. Gebyret skal dekka kostnaden med renovasjonsordninga, korkje meir eller mindre.

Dei hjelper deg med a

Kundehandsamarane Sissel Lønning og Trine Tverborgvik hjelper SIM sine kundar med å tilpassa renovasjonsordninga.

SIM har ei fleksibel renovasjons-ordning, og mange kundar kan spara pengar på å gjera endringar i abonnementet. Alle som er i tvil om dei har rett storleik på dunkane sine, eller høvande frekvens på tømmingane, bør kontakta SIM om dette. Velger du ein mindre dunk, heimekompostering i staden for biodunk eller å dela dunkar med andre, er det pengar å spara.

På SIM sin nettstad, www.sim.as, finst det ein kalkulator som på ein enkel måte viser kva dei ulike dunk-kombinasjonane kostar. Prøv denne. Finn du ut at du vil gjera endringar i abonnementet ditt, kontaktar du Trine eller Sissel i kundemottaket.

Todelt renovasjonsgebyr

1. Alle kundar må betala eit abonnementsgjøyr. Dette dekker kostnadane med behandling av farleg avfall, elektrisk og elektronisk avfall, kvitevarer, folieplast, glas og hermetikk som kjem inn på miljøcentralar og returpunkt. Kommunane sine eigenkostnader er også med her, og som følgje av dette, varierer abonnementsgjøyret litt frå kommune til kommune.

2. Alle må også betala eit dunk-gebyr, avhengig av storleik på dunkane og kor ofte ein leverer restavfall. Dunkgebyret er likt i alle SIM-kommunane.

Slik får du meir kapasitet

Be SIM om større dunkar, fleire dunkar eller tømming annakvar veke. «Ekstrasekken» er også eit alternativ.

Slik får du ned gebyret

Bytt til mindre dunkar, komposter sjølv eller del dunkar med andre. For å få meir plass i dunken, kan du levera glas og hermetikkboksar til returpunkt for slike, og folieplast til miljøsentralane.

Priskalkulatoren på www.sim.as viser kva dei ulike dunk-kombinasjonane kostar.

Priskalkulator

Prisane gjeld for Fitjar kommune Bytt kommune

Klikk på dei avfallstypene og dunkane du ynsker pris på.

Bioavfall	Henting kvar andre veke	140 L	Varm-kompost	Kr 416,-	
Papiravfall	Henting kvar fjerde veke	140 L	240 L	660 L	Kr 348,-
Restavfall	Henting kvar fjerde veke	140 L	240 L	660 L	Kr 750,-
Grungebyr	Hus	Fritidsbustad		Kr 431,-	
			Sum	Kr 1945,-	



bonnementet



SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Kundehandsamarane Trine Tverborgvik (t.v.) og Sissel Lønning hjelper deg med å finna den løysinga som høver best for deg.

Nøgde kundar forpliktar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS har dei mest nøgde renovasjonskundane, viser ei undersøking som marknadsanalyseinstituttet Norfakta AS gjennomførte i vekene 22-26 i år.

- Me er glade for dei gode tilbakemeldingane, men dei forpliktar, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund.
- Sjølv om me er i ei monopolstilling, må me heile tida ha sterkt fokus på korleis abonnementane kan få best mogeleg renovasjons-tjenester til rettast mogeleg pris.

SIM på topp

Med i undersøkinga var, forutan SIM, renovasjonsselskapa i Oslo, Bergen, Kristiansand, Drammen, Fredrikstad og Ryfylke. Alt i alt vart det gjennomført 3002 telefonintervju, 300 av desse med SIM-kundar.

På spørsmål om kor nøgd kunden er med selskapet, oppnår SIM 77 av 100 poeng. Ingen andre selskap scorar så høgt. SIM-kundane seier seg godt nøgde med oppsamlings-

systemet for dagleg avfall (73 av 100 poeng), også dette toppresultat i undersøkinga. Så godt som alle (97%) seier dei har motteke informasjon om selskapet eller avfallsordninga det siste året.

Ny brosjyre

Derimot er det kun 4 av 10 som seier dei veit kva som skjer med avfallet etter at det er samla inn.

- Dette har me teke tak i og er i ferd med å utarbeida ein brosjyre som fortel kva som skjer med avfallet etter at bosbilen har henta det, eller folk har levert det på miljøsentralen, seier Kjell Egil Hollund.

4 av 10 var likevel toppresultat også i den delen av undersøkinga. 70% av SIM-kundane seier seg nøgde med måten avfallet vert etterbehandla på. 2 av 10 seier dei har vore i kontakt med selskapet det siste året, anten for å klaga eller anna. Dei aller fleste sa seg godt mottekne. 2% var misnøgde, avdi dei meinte ærendet deira ikkje vart følgjt opp.



– Dei beste gåvene er gratis

- Dei beste gåvene er gratis, og fører heller ikkje til avfall.

Det seier seksbarnsmamma, frilansmusikar og veterinærassistent Maria Malmsten frå Stord. I mange år har ho ynskt seg – og fått – «alternativ» julepresangar. No oppmodar ho andre om å gjera det same.

- Du kan t.d. ynskja deg barne- eller dyreplass. Slik kostar ingenting å gje, og er kjempekjekt å få. Vidare kan du ynskja deg håarklipp frå ein som er flink til å klippa, bakst frå ein som kan baka, eit dikt eller ein song. Ein spasertur på fjellet er òg ein flott presang å få. Eller kva med eit par timar snømåking?

- Dersom presangen må kosta noko, går det jo an å kjøpa billett til kino eller symjehall, eit abonnement på ei avis eller eit blad, ein time på eit massasjeinstitutt – eller ein tur til nærmeste Fretex-butikk, seier Maria Malmsten.

Gode gåveforslag i ei tid der me produserer stadig meir avfall. God jul.



– Gje bort det mest verdfulle du har: Tid og felles opplevelsar, oppmodar Maria Malmsten. (Foto: B. A. Lunde.)

Glatte vegar kan hindra bosbilen å koma fram

Det hender ein sjeldan gong at dunken ikkje kan tömmast som følgje av glatte eller uframkomelege vegar. Slik er berre å bekla. I slike tilfelle får du utdelt ein bossek som kan setjast fram neste gong det er restavfallstømming.

Slamtømming i Sveio

SIM startar slamtømming i Sveio kommune i veke 3, 2007. Abonnentar som har slamtank får tilsendt eige informasjonshefte om dette.

Kontakt oss kjapt ved manglende tömming

Dersom bosdunknen din ikkje er vorten tömt, må du meldu frå om dette til SIM Transport (tlf. 53 45 66 00) så snart som råd. Det er lettare å ordna ekstratømming når bosbilen er i det aktuelle området enn når den er i gang med ei anna tömmerute.



Opningstider miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00 – 14.00.
Pinseaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00 – 14.00.
Pinseaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartaskogen

Måndag kl. 08.00 – 18.00
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30
Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00 – 14.00.
Torsdag f.o.m. 1. april t.o.m.
30. september kl. 08.00–18.00.
Julaftan og nyttårsaftan stengt.
Påskeaftan stengt.

Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.
Julaftan og nyttårsaftan stengt.
Pinseaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.
Påskeaftan stengt.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartaskogen, N-5419 Fitjar
telefon: 53 45 78 50
telefaks: 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

SIM